



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Utdrag frå møteboka

Dato:	03.11.2017
Arkivsak	17/00046
Dokumentnummer:	17/00046-001
Arkivkode:	461
Saksbehandlar:	Anne Sofie Nergård Uthaug

Saksnr	Sak	Møtedato
022/17	Kyrkje/kulturbygg - innspel til kommunen sitt budsjett/økonomiplan	09.11.2017

Framlegg til vedtak

Soknerådet ser det som uheldig at kulturdelen av det nye kyrkje/kulturbygget på Frekhaug vert teke ut av prosjektet no. Kyrkja har arbeidd med dette som mål for planlegginga i om lag 10 år, har peikt på mange fordelar og synergieffektar med sambruk, er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å drifte bygget og ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert.

Soknerådet ber kommunestyret vurdere

- A. å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet levere ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

Viss kommunestyret ikkje er villig til å gå inn for ein slik modell, vil soknerådet be om at ikkje verknaden blir at kyrkjebygget ikkje heller vert realisert. Kyrkjelyden kan ikkje vere nær menneske og bety noko for lokalsamfunnet i same grad som er ønskjeleg utan å ha nærheit til der folk bur. Soknerådet vil understreke at ei arbeidskyrkje er ei kulturkyrkje, og vil innehalde både gode møteplassar for barn, unge, vaksne, eldre og innvandrarar og gode høve til kulturtiltak for alle innbyggjarar. Viss kommunestyret heller går inn for ei «nøktern arbeidskyrkje» vil soknerådet forvente at soknet får:

- A. fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. ei prioritert liste over kva kommunen ønskjer det skal vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. løyving av ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. forventning om at soknerådet levere ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan til ein gitt frist.

Møtehandsaming

Nytt framlegg til vedtak i møtet:

Kyrkja har arbeidd med planlegging av kyrkje/kulturbygg i om lag 10 år og har peikt på mange fordelar og synergieffektar med sambruk. Soknerådet er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å utforme og drifte bygget. Soknerådet ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert innan 5 år på tomte som er avsett til formålet.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Soknerådet ber kommunestyret vurdere

- A. å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet leverer ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

Vedtak

Kyrkja har arbeidd med planlegging av kyrkje/kulturbygg i om lag 10 år og har peikt på mange fordeler og synergieffektar med sambruk. Soknerådet er villig til å vere fleksibel og løysingsorientert for å utforme og drifte bygget. Soknerådet ønskjer å få eit kombinasjonsbygg realisert innan 5 år på tomte som er avsett til formålet.

Soknerådet ber kommunestyret vurdere

- A. å gje fullmakt til prosjekteringsarbeidet til soknerådet
- B. å gje ei kostnadsramme til byggeprosjektet i økonomiplanen.
- C. å gje ei prioritert liste over kva kommunen meiner det skal eller bør vere plass til av kulturtilbod i bygget
- D. å løyve ei høveleg kostnadsramme på budsjett 2018 til prosjekteringsarbeidet.
- E. å be om at soknerådet leverer ferdig planlagt prosjekt og finansieringsplan innan ein gitt frist

Samrøystes vedtak.